

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hjelmland.

Emne: Helsing, fakter og Åtferd.

Bygdelag:

Oppskr. av: Ånund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmland.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
John Eliane, Lærer. f.) 9/1 1887.

SVAR

På tiltale vert det ofte svára med eit nikk eller bukk,

Det kan tyda ja eller eg er samd. Den som rister på hovud-

det er det omvendt med. Dersom folk er framande for ein-

annan, og møtest der det er folksamt, så helsar dei ikkje

på kvarandre. Men treffest folk to og to, eller utanom ~~alkar~~

alfarveg, så helsar dei. Då pratar og spør dei oftast før

dei skilst att. Det er halde for vanvyrdnad dersom kjends-

folk går einbølte gardar forbi. Det har alltid vore god

tone at dei yngste helsar fyrst. Folk sa: godag, gokvell,

gomorn, Signe arbeidet, signe kvila, signe maten, og før sa

dei også Guds fred i huset. Var det lenge sidan folk had-

de set ~~x~~ einannan så handhelsa dei. Det var svert vanlegved kyrkjegang, ~~ø~~ gravferd, bryllaup, selskap og fest.

Det å helsa i handa trur eg er meir vanlegt enno her enn

der det er meir folkesetnad. Kvinner og menn helsa på same

måten, men gjentene neia attåt. Det var og er enno meir

vyrdeleg helsing når ein møter prest, ~~ø~~ doktor eller ~~andra~~andre i høgare stilling. Då må hatt eller hua av. Bygdefolk ~~sagxixixix~~

seg imillom berre nikkar til einannan. Born vart som vanleg

helsa på same måten. Gode vener kan nok klappa ein annan

på ~~okla~~ ^ø og, når dei treffest. Sume stanste opp når kyrkje-

klokene ringde før. Traff ein likfylgje var det vanleg

skikk å ta av hatt eller hua og stå stille til dei hadde

passert. Gomorn sa ein frå morgonen av og fram i mot middag.

11519

Utover dagen var det godag, og om kvelden gokvell. No er det sume som seier gomorn både seint og tidleg, både når dei ~~kax~~ treffest og når dei skilst. Det er upassande å bruka desse orda på gal tid. I eldre ti sa dei ofte Guds fred til dyra når dei gjekk frå dei om kvelden. Om gjester hadde helsa på nokon i tunet, så helsa dei på dei som var inne og, når dei kom inn, vaksne som born. Ville ein framand vera åleine med nokon, så bad han om å få han på to manns hand. Det var lite brukt før å banka på ~~når~~ når han var kjend, no er det vanlegt. Dei som var inne svara då, kom inn, eller vel^{sego}. Høvisk ferd var å stå til ein vart beden om, finna sete eller, søk sete. Dei var ikkje så nøye på om dei sat med hua på i dei dagar. No tar folk av seg i bislag eller gang. Før som no gjer ein seg meir føre når det er embetsfolk eller framande som kjem til gards. T. d. ordnar opp, turkar støv o. l. Tok på seg penare kler, fann ~~makmat~~ mat o. s. b. Når folk gjekk takka dei for seg og fekk igjen ^{takk} for dei kom, og velkomne igjen. Klem og kyss har ikkje vore vanleg ved avskil. Ein skikk foreldre og born hadde var å gnika nasane mot einannan, det kalla dei å byta nasar. Å knipa nase millom to fingrar var å stela nase. Til lukka, sa dei når noko stod på t. d. ei reis, kjøp og sal, arbeid eller eit eller anna folk ville ta seg til. Til alle større helger yngste dei ein annan t. d. god jul, godt nyttår, godt påske o. s. b. Til lukka eller gratulerar med dagen, festen, barnet, truloving og bryllaup. Oftast tok dei ein annan i handa ved slike høve. Folk svara takk i like måte, takk deg ~~ist~~ det same, serleg før. Ved gravferd takkar a lltid ~~ax~~ ein av dei næraste eller kjøkemeisteren for fram møte og medkjensle. Vanvyrndad kom ofte til uttrykk ved at ein snudde seg frå vedkomande, Geipa eller skjekkja til han, ikkje lesta høyra eller sjå han o. l.

Til embetsfolk og ukjende vert det sagt De ,ikkje I.
Han og ho vert ikkje brukti direkte tale ,men når ~~ikk~~
nokon vert omtalt som ikkje er på plassen,heilt regelrett
er nok ikkje dette.

Tillegg til nr. 36.
Dersom nokon gjekk or heimen k og til ~~andak~~ andre fyrste
dag jul, så bar dei jula ut ,sa dei.Den som ingen ting fekk
til jul bar verahodne.